

---

Saksnr: 2020/77152-74  
Saksbehandlar: Arild Knapskog

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		13.10.2021

**Innspel - høyring om ny opplæringslov og endringar i friskulelova**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

**Samandrag**

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova på høyring. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse legg opp til at høyringsuttalen frå Vestland fylkeskommune skal slutthandsamast i fylkesutvalet 30. november. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er invitert til å kome med innspel til høyringsuttalen.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Arild Knapskog  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Høyring om framlegg til ny opplæringslov og endringar i friskulelova
- 2 Lovforslaget - ny opplæringslov og endringer i friskuleloven

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementets forslag til ny opplæringslov byggjer på opplæringsutvalets utgreiing NOU 2019:23 *Ny opplæringslov* og dei over 700 høyringsuttalane som kom til den. Sjølve høyringsbrevet med vedlegg kan lesast her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-opplaringslov/id2868810/>

Avdeling for opplæring og kompetanse er no i prosess med å samle innspel i organisasjonen før desse skal oppsummerast og behandlast politisk.

Kapittel 1.3.1 i høyringsnotatet oppsummerer dei viktigaste endringane departementet foreslår i den nye opplæringslova. Av desse endringane vil administrasjonen trekke fram nokon som er særleg aktuelle for den gruppa RMNF representerer.

### Forslag som gjeld for både grunnskule- og vidaregåande opplæring

«å presisere at den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal støtte og veilede skolene i deres arbeid med forebygging og tidlig innsats (se kapittel 24)»

«å fjerne kravet om sakkyndig vurdering fra den pedagogisk-psykologiske tjenesten før vedtak om personlig assistanse eller fysisk tilrettelegging, tidlig eller utsatt skolestart, opplæring i og på norsk tegnspråk og opplæring i punktskrift mv. (se kapittel 24)»

### Forslag som berre gjeld for den vidaregåande opplæringa

«å innføre plikt for fylkeskommunene til å ha et overgangstilbud for elever som har rett til vidaregåande opplæring, men som mangler faglige eller språklige forutsetninger for å kunne delta i, fullføre og bestå vidaregåande opplæring (se kapittel 40)»

### Forslag som gjeld både for førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

«å innføre rett til opplæring i norsk tegnspråk og punktskrift for vaksne deltagere med hørsels- og synshemming»

Vedtakskompetanse

RMNF kan gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd jf. reglement for medverknadsorgana pkt. 2a

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** høyringsinnspelet i seg sjølv har ingen økonomisk verknad. Dei føreslegne lovendingane vil føre til auka kostnader for fylkeskommunen.

**Klima:** ingen verknad

**Folkehelse:** ingen verknad

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** ingen verknad

Konklusjon

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert beden om å kome med innspel til høyringsuttalen om ny opplæringslov og endringar i friskulelova.